



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

|                                    |  |                                |  |                         |
|------------------------------------|--|--------------------------------|--|-------------------------|
| Behandlande eining:<br>Region vest | Sakshandsamar/telefon:<br>Marianne Skulstad / 55516253 | Vår referanse:<br>15/251850-13 | Dykkar referanse:<br>15/3883 – 17/8941 | Vår dato:<br>05.04.2017 |
|------------------------------------|--|--------------------------------|--|-------------------------|

### Kommentar til godkjent reguleringsplan Sjøvold, Seim i Lindås kommune

Vi viser til motteken kunngjering av godkjent reguleringsplan for Sjøvold, Lurevegen, Seim, planID 1263-201514.

Etter 2.gangs høyring har kommunen sett inn ei ny føresegn §7.7, der det står at kryss og kryssing av fylkesveg skal vere etablert eller sikra opparbeidd før bruksløyve eller ferdigattest vert gjeve. Etter vårt syn vil ikkje denne føresegna svare ut dei merknadene vi hadde til planen.

Statens vegvesen vil gjere merksam på at reguleringsplanen ikkje gir heimel til å nytte avkøyrsla frå fylkesvegen, når avkøyrsla ikkje er del av same reguleringsplan. Avkøyrsløyve etter veglova §§ 40-43 må vere gitt før fradeling eller igangsettingsløyve kan gis, jf. pbl. §27-4. Statens vegvesen setter krav om at avkøyrslar er ferdig opparbeidd før vi gir avkøyrsløyve, for å sikre tryggleiken for både mjuke og harde trafikantar.

Etter vårt syn vert difor føresegn §7.7 misvisande, og kan gi feil signal til dei som ønskjer å byggje i området.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

